



Flygruppa blir leia av Erlend Moen, som her står bak Ann Lisbeth Moen og Henrik Dahle.

Hobbyklubben i Uskedal bedehus er i gang att etter jul og nyår og har som før klubbkveldar annankvar måndag. Frammøtet var av ymse årsakar noko varierende på dei ymse gruppene den første klubbkvelden, men det kjem seg sikkert neste gong, trur leiar Tore Mathiesen.

I haustsemesteret var deltakinga god, med rundt 30 kvar gong, men til første klubbkvelden måndag møtte det i underkant av 20.

Det var god deltaking i gruppene for elektronikk, bil og spel, medan gruppene for avis og fly var litt tunt besatt denne kvelden.

Leiinga reknar med at det kjem fleire neste gong.

Ikkje minst treng ein fleire journalistar og fotografar som kan laga påskenummeret av Uskedalsposten! Hobbyklubben er for dei som går i femte klasse eller er eldre.